



Laurdag nærma det seg ekstremver også i Uskedalen. Biletet er teke frå Gullvika. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Ekstremverveka er over og Uskedalen skule sin prosjektleiar Åse Neset opplyser til uskedalen.no at Ljosnes vann over Friheim i den høgst interne og uoffisielle kampen om nedbørmengd gjennom eit døgn.**

Det døgnnet då det verkeleg regna skikkeleg på våre kantar (frå torsdag klokka åtte til fredag klokka åtte) kom det 24 millimeter på Ljosnes og 21 på Friheim, medan talet for sentrum (utanfor skulen) var 18 millimeter.

Men det er slett ingen grunn til å seie at det var noko ekstremver i Uskedalen under ekstremverveka sjølv om det nærma seg det under torevaret laurdag ettermiddag. Under ei høgst lokal regn- og haglbyge ved 17-tida måtte bilar stoppa opp til dømes på Korsnes. Men skulen avslutta målingane sine allereie fredag, så vi har ikkje tal for kor mange millimeter det kom laurdag.

Noteringane frå ekstremverveka i Uskedalen og Kvinnherad kjem på ingen måte opp mot dei andre stader i fylket. Frå torsdag til fredag kom det til dømes 50 millimeter i Øystese og 44 millimeter i Jondal.

Men det var frå tirsdag til onsdag det verkeleg regna i delar av Hordaland, med ei toppnotering på 105 millimeter ein stad i Meland kommune og mellom 60 og 70 millimeter fleire stader i Bergen.

Av Ola Matti Mathisen